Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Selgjord

Emne: Veving

Bygdelag: Flatdal

Oppskr. av: Olav Bakken

Gard: Bakken

(adresse): Langlim Flatdal

G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Veving.

Veving er ei gamal kunst i denne bygdi. Eg såg eit skeilå og ein sparre med årstalet 1765. Vevgogn med stórur, róvar, tróne, hóvalstengar, hóvul (av ulfa ruggestreng eller stål) skildrur, skillblå, sparre og sesselfjól (vevfjøl) var nesten å finne på kvar gard fyrr i verdi.

Frå hausten spann kvinnfolki både veft og varp (renning) og utpå veten (vinteren) kom vevgogni inn. Det var mykje husebróte med dei. Men fyrr åt gjekk vatsdagingi av gånet so det ikkje smarlykkja seg. So kom den langdrugje vindingi, med vindestabben og vinda. Det var hóveleg arbeid for oss borni det. Oft vatt me og slepte nyklar i golvet, då var det visi å seia: Greier du stire rett i taket med same nykla dett — sa for du sjå kjærasten din. Dette er rådlaust å greia, veit du.

Når alt var „vonde" til nyklur, kom rennebommen inn. Ein låg stabbe med grunnt hol i vart til måta midt på golvet under hókja på bjólken og bommen kunne no fallast ut til „svivo klar".

Fire nyklur vart so plassera i kvar sin

9112

kopp gjerne trekollur, ryngjur, ystekollur o. l.
So tok kona rennespitji med skaft og blad, og
trædde ein tråd i kvar av dei fire holi – og
so kunne renningi begynne.

Etter som dei hadde gån til, vart veven opplagd. Han kunne vera på 30 – 40 – 50 og 60 alner.
På tvo staband-pinnar nede på bommen vart
skjilet vedna u kvart tjug fitja. Det var
5 rennur i tjugge' – og 26 tjug var rekna
full brei vadmålsveg (ullvev.)

I Mannsklær var bukse, vest og
jakke (tröye) Hatt, hette, spitluve måtte au
til fyre ein var velklædd.

Klæi var av vadmål, helst saugrått vove
i vend. Elles lita dei svart med blåstein
og bikkvarte.

2. Kvinneklær var stakk og tröye og
fyrklæ vove som verken

3 Undertøy kunne og vera av
kvitt vadmål eller halvulle. Understakken var gjerne av kvitt eller raudt verken.
Underbukse var ikkje stödt brüka – vel
aldri sumarstider anten for kar eller kvinne.
Dei sie stakkane gjorde dette overflödig!!

4. Sengeomheng minder i bruk – og i tilfelle kjöpt ferdig frå byen.

5. Sengetøy vart vove heime, tjeld av ull
randa og uranda, trispöla og tvispöla
etter som sengi var brei til. Dei var vovne
i vend som vadmål. Putevar var vel
helst av bomullsgarn, likeeins lakeni – om
dei hadde sovore. Håndklæ likeeins.

9112

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Veving (framhald)

8. Åklær, brøgdeplaggi var no staseplaggi. Dei var mykje påkosta med krokbrøgd og fine mønster. Der hadde dei kvit renggistreng som varp og mosefarga ullgån som veft. Det var ikkje alle som greidde denne veonaden like godt – men ei giftande gjente skulle no helst ha lært denne kunsti fyre ho overtok husmoryrket. Mi mor Sigrid Knutsdtr. Hylledalen (1860–1941) var flink til å veva brøgdeplagg.

Den flinkaste i veving her i nærleiken no er Svanaug Olavsdtr. Høydal (f. 1898). Ho har „dobbelgogn" så åkleðet treng ikkje saumast saman av two blökur (breddir) – dei verf endå staselegare då.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 9112

Særemne 8.

Noko serskilt utanom det som har kome fram i emne Veving nr. 44 – har eg ikkje å vitra om – Det er tjug og atter tjug dei brukar som sernemning når dei legg opp ein vegg.

Basmer med 60 tråðar, er ukjent på desse kantar jfr. Hans Ross ordbok s. 35. Det er Gudbrandsdalen og Mjøsbygdene som nyttar denne nemning.

9112

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Rennespikji.



gånvinda.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9112